

25.10.17

## Framtidstanker for Mikal Garveriet i Timmerdalen

Det er eit langsiktig mål å få deler av garveriet i bruk att. Anten for eigen bruk eller utleige til ein eller fleire bruksområder.

I bygget er det ein lang garveri historie, i tillegg til den siste perioden med sko produksjon. Det er viktig at denne historien har sitt uttrykk i lokalene. Til dømes vil eit utstillingslokale for salgsprodukter samtidig fortelje historien i lokalet / bygget.

Ei tid tilbake var me i møte med planavdelingen i kommunen, dei såg positivt på blanding av fleire bruksområde i garveriet.

Me ønskjer å utvikle moglegheiten for salg av produkter med salgslokale, utstilling og kontorer.

Nokre av maskinene som står der vil kunne nyttast i samband med produktutvikling/reparasjon.

Det er nærliggjande å tenkje på antikk - bruktbuikk som treng kontor, verkstad og butikklokale/ utstilling.

Målet må likevel vera å få inn eit firma med gode forbruksartikler, gjerne med eigen import, varelager og behov for verksted.

Sjø / vann relaterte produkter vil vera å foretrekke.

Poenget er å etablere utstilling og lager som ikkje har høgt krav til stabil temperatur og luftfuktighet.

Dette er litt om det som er muleg i Mikal garveriet – det viktigaste i dag er å få tette taket. Me håper på positiv tilbakemelding på søknaden og håper at det i etterkant kan gje ny giv til bygget.

Mvh

Torun Rundhovde Mørenskog